

Statutter Årets Breton

§ 1. Eigar av hunden må være medlem i NBK når premien oppnås.

§ 2. Årets unghund jaktprøve (Den gylne apportbukk)

NBK nyttar regelverket for tildeling av championatpoeng på høg fjell og lågland (jf NKK, Regler for fuglehundprøver) til unghundar, med unntak i maksimumsgrensa for 1UK. NBK set ikkje noko maksimumsgrensa for antall 1UK, slik at ein får 2 poeng for kvar 1UK som blir oppnådd.

Dersom 2 eller fleire hundar får lik poengsum, vil den hunden med flest 2UK gå av med sigeren, utan at dette blir rekna med i poengsummen. Dersom det framleis er likt, vil den hunden med flest 3UK, gå av med sigeren, utan at dette blir rekna med i poengsummen. Dersom det framleis er likt, vil den yngste hunden gå av med sigeren.

§ 3. Årets hund jaktprøve:

NBK nyttar regelverket for tildeling av championatpoeng for hundar i UK, AK og VK på høg fjell, lågland og skog.

Dersom 2 eller fleire hundar har lik poengsum, vil den hunden som har flest "ikkje poenggivande" resultat i VK gå av med sigeren, utan at dette blir rekna med i poengsummen. Altså er det då antal premiar som tel, og ikkje premiegrad. Dersom det framleis er likt, vil den yngste hunden gå av med sigeren.

§ 4. Årets hund kombinert

NBK nyttar regelverket for tildeling av championatpoeng (jf NKK, Regler for fuglehundprøver) for kombinertprøver, med unntak av følgjande:

1. Maksimumsgrensa for samlekombinert championatpoeng. Denne er av NKK satt til maks 5 poeng totalt.

Da vi her skal kåre den hund som har gjort det best på kombinertprøver i løpet av kalenderåret, avviker vi fra denne regel og godtar samtlige 1.premier samlekombinert som oppnås i kalenderåret i vår kåring. "

2. Vekting av 1UK fullkombinert. Dette vektsettes til 4p mot 3p i regelverk.

Grunn til at dette vekttes høgare er at i regelverket er vekting av 1UK fullkombinert og 1UK samlekombinert lik. Dette er ikkje rettferdig mht vanskelighetsgrad.

3. Dersom ingen hund oppnår championatpoeng et år, flyttes kåringa ned til høgaste premiegrad som er oppnådd på kombinertprøve dette år.

Tabell 1

<u>-1AK fullkombinert</u>	<u>5p</u>	<u>ihht NKK regler.</u>
<u>-1AK/VK samlekombinert</u>	<u>4p</u>	<u>ihht NKK regler.</u>
<u>-1UK fullkombinert</u>	<u>4p</u>	<u>+1p ekstra til NKKs regler.</u>
<u>-1UK samlekombinert</u>	<u>3p</u>	<u>ihht NKK regler.</u>

Vinnar er den hund som har flest championatpoeng ihht. tabell 1.

Dersom 2 eller fleire hundar får likt antall championatpoeng, vil den hunden med høgast poengsum på 1. premie kombinertprøve, gå av med sigeren.

Dersom det framleis er likt, vil nest høgaste poengsum på 1. premie kombinertprøve bli avgjerande. Dersom det framleis ikkje er mulig å skilja hundane (likt antal championatpoeng, like poengsumar), vil den yngste hunden gå av med sigeren.

Vedtatt ved Årsmøte i NBK 7 feb 2009

Dersom ingen hund har oppnådd championatpoeng (1. premie kombinert) på kombinertprøve et år, avgjerast tittelen etter fylgjande:

1. Dersom ingen hund har oppnådd championatpoeng på kombinertprøve et år, vinner hunden med flest premiepoeng i hht. tabell 2:

Tabell 2

-2AK fullkombinert	5p.
-2AK/VK samlekombinert	4p.
-2UK fullkombinert	4p.
-2UK samlekombinert	3p.

Dersom 2 eller fleire hundar får lik premiepoengsum, vil hunden med høgast poengsum på kombinertprøve (på 2UK/AK/VK resultat) gå av med sigeren. Dersom det framleis er likt, vil nest høgaste poengsum på kombinertprøve (på 2AK/VK resultat) bli avgjerande. osv osv.

Dersom det framleis ikkje er muleg å skille hundane (likt antal premiepoeng, like poengsummar), vil den yngste hunden gå av med sigeren.

2. Dersom ingen hund har oppnådd championatpoeng eller 2. premie på kombinertprøve et år, vinner hunden med flest premiepoeng ihht tabell 3:

Tabell 3

-3AK fullkombinert	5p.
-3AK/VK samlekombinert	4p.
-3UK fullkombinert	4p.
-3UK samlekombinert	3p.

Dersom 2 eller fleire hundar får lik premiepoengsum, vil hunden med høgast poengsum på kombinertprøve (på 3UK/AK/VK resultat) gå av med sigeren. Dersom det framleis er likt, vil nest høgaste poengsum på kombinertprøve (på 3UK/AK/VK resultat) bli avgjerande. osv osv.

Dersom det framleis ikkje er muleg å skilja hundane (likt antal premiepoeng, like poengsummar), vil den yngste hunden gå av med sigeren.

§ 5. I kampen om Årets unghund jaktprøve ("Den gyldne apportbukk") tel berre poeng oppnådd i UK.

§ 6. For årets hund jaktprøve, er heile poengsystemet med og reknar ut poenga. Altså kan ein unghund vinne både "Den gyldne apportbukk" og bli "Årets hund jaktprøve" det same kalenderåret.

§ 7. Årets hund utstilling:

Årets utstillingshund blir rekna ut etter følgjande skala:

Antall <u>stilte</u> breton:	1-5	6-15	16-25	26-35	36+
Poeng for	Poeng:				
1BTK/BHK	1	2	3	4	5
2BTK/BHK		1	2	3	4
3BTK/BHK			1	2	3
4BTK/BHK				1	2

I tillegg vil det bli gitt 2poeng for BIR og 1poeng for BIM.

Årets hund utstilling må være jaktpremiert same år som tittelen oppnås.